

Fornyning og nyvakning for målarbeidet

Olaf Almenningen

1960-åra er på mange måtar ei omskapingstid for målrørsla, med nye problemstillingar og nyrekruttering. Etter å ha kjempa i motbør i heile etterkrigstida, tek ein no opp kampen mot språkleg urett og samfunnsutvikling og set nytt søkjelys på målstriden frå andre sider. Studentmållaget i Oslo er den viktigaste arnestaden for denne nye given.

Vogt-nemnda med språkfreden (1964-66) og sentraliseringa i samfunnet er viktige allmennpolitiske rammer for det som skjer, samtidig som riksmåloffensiven tek til å dabba av og mykje av samnorskstrevet stampar i motvind. Midt oppi dette får vi også ein kraftig utdanningseksplasjon der studenttalet aukar til det tredoble, frå vel 9 500 i 1960 til 30 000 i 1970. Langt fleire gymnasiastar strøymer no til universiteta og nye sosiale grupper får tilgang til høgare utdanning. Kvinnene kjem også sterkare med enn før og utgjier mest ein tredel av studentmassen kring 1970. Mange av desse nye gruppene kom frå bygde-Noreg og landsgymnasa og hadde nynorsken med seg i bagasjen. Utdanningseksplasjonen gagna Studentmållaget på den måten at laget dermed fekk fleire ressursar og kunne gjennomføra djervare tiltak. Medlemstalet steig frå kring 100 våren 1961 til vel 260 på det meste i tidbolken, og om lag 25 prosent av dei var kvinner. Nye studieemne innanfor samfunnsvitskap, psykologi og filosofi gav også dei nye målstudentane andre briller å sjå målstriden gjennom, såleis studerte om lag 20 prosent av medlemene fag som statsvitskap, sosialøkonomi og psykologi i 1967, medan mest ingen tok slike emne kring 1960. Som ei følgje av dette noko breiare perspektivet i lagsflokken kom det òg ut fleire viktige målideologiske bøker i 1960-åra enn i noko anna tiår. Dette var med og sette kveik i heile målrørsla og gjorde henne spennande for nye grupper.

Medlemene i Studentmållaget drøfta og analyserte vilkåra for målsaka i eit samfunn i omforming. Mest trugande for målstrevet verka den sterke sentraliseringa av det norske samfunnet; i 1950 budde 52 prosent av folket i byar og tett-

bygde strok, i 1960 hadde dette talet auka til 57 prosent og i 1970 til vel 65. På dei same 20 åra hadde den nynorske skulemålsprosenten minka frå 23 til 18 prosent på landsbasis. Denne alvorlege samfunnsutviklinga er ein attergangar i ordskifta i laget i mest heile tiåret, særleg frå 1965 og framover. Samstundes vert Studentmållaget drege sterkare med i arbeidet åt Noregs Mållag og Kringkastingsringen, og kjem dermed til å spela ei viktigare rolle på landsplanet enn tidlegare. Studentmållaget vart også sjølv bærebejelken i den nye landssamskipnaden for ungdomsmålrørsla, Noregs student- og elevmållag (NSEM), som kom til i 1961. Skorten på nynorske lærebøker vart meir og meir tydeleg i dette tiåret, og noko måtte også gjerast for å sikra betre rom for nynorsk mål i NRK. Studentmållaget markerte seg tydeleg på begge desse felta. 1960-åra var også ei god oppgangstid for sentrale institusjonar som Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret, og målrørsla fekk i gang att ei nynorsk rikssavis då vekeavisa *Dag og Tid* byrja å koma ut i 1962. Alt dette – attåt den allmennpolitiske radikaliseringa og ungdomsopprøret i 1968 - er det som er med og forklarar den sterke posisjonen både Studentmållaget særskilt og målrørsla allment kom til å få frå 1965 og utetter på 1970-talet.

Målsak er kultursak

I fyrste delen av 1960-åra følgde målrørsla mykje godt slagordet om at «målsak er kultursak». Det galdt òg for Studentmållaget i Oslo, der støttarbeid for Det Norske Teatret gjennom ei eiga teaternemnd, litteraturmøte med kjende forfattarar som Jakob Sande, Jan Magnus Bruheim, Marie Takvam, Tore Ørjasæter og Tarjei Vesaas, folkemusikk-kveldar og forfattarturnear med opplesing høyrde til dei viktigaste arbeidsoppgåvene. Det var Kulturnemnda som stod for denne populære verksemda i laget. Dette var omtykte tilskipingar der mange møtte fram; og mange vart såleis rekrutterte til lagsflokken gjennom slike temakveldar. Turneane som denne nemnda arrangerte landet rundt med opplesing og presentasjon av nynorske forfattarar, var også viktig kultur- og målarbeid. Etter eit vellykka lyrikkseminar i Volda vinteren 1968 der frammøtet sprengde alle rammer, slår ein velnøgd Rolf Sagen fast at «det er dette som er å driva målsak!»¹ Laget var også godt forsynt med forfattarar blant sine eigne medlemmer. Såleis finn vi mellom anna Eldrid Lunden, Einar Økland, Paal-Helge Haugen, Tor Obrestad, Rolf Sagen, Erling Indreeide og Edvard Hoem mellom dei mest aktive lagsfolka i dette studentmiljøet, særleg frå midten av 1960-åra og utetter. Litteraturen stod heile tida så sterkt i lagsmiljøet at *Apropos* lyste ut ei lyrikktevling i 1967, der 10 deltakarar deltok med til saman 43 dikt. Rolf Sagen «vann» denne tevlinga føre Jon Grepstad.

Vi merkar nyvakninga i lagsarbeidet òg på den måten at meir dagsaktuelle emne og internasjonale spørsmål no vert tekne opp, særleg galdt det Vietnamkrigen. Også tilhøva for studentar som måtte ut på hybelmarknaden og finna

seg til rette i den nybygde gettoen på Blindern fekk brei omtale i *Apropos*. Elles dominerte polemikken mot riksmålsrørsla også i første halvdel av tiåret. Sidemålsstilen, skulemålsrøystingar og målbruken i NRK var heitt stoff i så måte, og Studentmållet var alltid på pletten for å forsvare nynorskens interesser.

Nytt lagsjubileum vart det siste helga i oktober 1965, då Studentmållet fylte 65 år og slo på stortromma med å halda ein storfelt fest i Det Militære Samfund for 90 gjester. Hovudtalar var Sigmund Skard, medan gamleskrivaren i Noregs Mållag, Edvard Os, var kjøkemeister. Gildet vart avslutta med teaterkveld på Det Norske Teatret.

Sosialt heldt laget fram med grautfestar til jul og båtturar på Oslofjorden på føresommaren. Det sosiale miljøet verka triveleg, ope og inkluderande, noko som sikkert styrkte grobotten for nye, dristige og uredde tankar. Mange artige småstykke i *Apropos* er prov på det. Humor var det sjølvsagt alltid god plass til, noko skipinga av Frogner & Uranienborg Putlarmållag 24. januar 1968 skulle vera eit godt døme på. Det vart skipa «i Kongens nærleik», som det heitte, og

APROPOS
Organ for Studentmållet i Oslo
Nr. 2 April 1969 11. årgang

Kringkastingsringen – aktiv pressgruppe for målrettferd

«Kringkastingsaksjonen 1969» komen godt igang



NORSK PRESSE- TENESTE STARTA OPPATT

Studentmållet har i vår teke opp eit arbeid med Norsk Presse-teneste. Ein tar sikte på å fornye stovene med artiklar, intervju og kronikkar. Einar Skjerve, Mikalud Lunde og den tidligere formannen i Studentmållet, Rudolf Vik, står for arbeidet. Alle som har stoff, kan sende det til Norsk Presse-teneste, Boks 111, Oslo 1. Vi held til i Karl Johans gt. 13 IV etg. og kan las og bli tilstilt på tel. 21 02 12. Bestillingar har vi tilpassa etter kor godt stoffet går inn i trykningen. Vi oppodar etter alle skrivere skrivningar og omni. Å lesje stoffet skrivningane. Det er gode pengar å lesje, og dei trykne i å uttrykke sine skrivingar.

Kringkastingsringen har presentert seg med sin ny folder, og *Apropos* finn det samstg i spørje. Her det mykje å gjeve for Kringkastingsringen i år. Og den vi opper er stnd. phild. Dagfinn Warren, ein 21 år gamal energisk sammarer med godnotande ang, varshormann i Kringkastingsringen og formann i arbeidsutvaltet i same organisasjonen. Av slake riksmålsråd gjeve det meste slakeleik filmarer utbravta, men ved samre konstruksjon syster «bravta» seg å vere ein fredelig og smilten kar, som til dagleg deltar med nære og klassekonstruerte filalogier i Blindern leiarar.

«Å, spekkkastningen tilberer at sola er inne for å kraftak, og bakgrunnen er maldinga om språkva. Ho vitnar om at det ikkje lenger blir feri språkpolitikk her til land. Denne maldinga fell malding inn i det reaktive drigt som store deler av samfunnet har lide under i etterkrigstida. Som Berge Turv sner: «Maldinga er ein samfunns- gende nye konstruksjon til det så- kalla freg kreftene».

Kringkastingsringen vil vertig etje skrivinge inn på å til støring til å vordt reingittar for målbruk i NRK, slik at dei blir teke omyn til den faktiske redaksjonen i landet. «Skrivinge skulle vere si god an- budsmul for Kringkastingsringen» sner Hagen (V) i *Ud- og Brevet (V)*. God formannere *Ud- og Brevet (V)* (K.F.) er mid i spørje. «I øyret er det utvalgt med å Over til side 3.

Mystisk og politiserande film
Pasolini om sjokkfilmen frå Venezia-festivalen

«Lærerens» eller *Troem* er li- telen på den nye filmen til Pier Paolo Pasolini som ikkje berre har skapt demonstrasjonar og rettskrav, men ein vid og oppblåst diskusjon der filmen t.d. blant politiske mot- stikkelytte blir karakterisert som eit lit sit motiverer til eit produkt som berre fortseter handlydte. I dette intervjuet, som vart gjort like etter at *Oedipus Rex* hadde hatt pre- miere på filmfestivalen i Venezia, intervjuer Pasolini den filmen han hadde byrja arbeide på og sine in- tenjonar med eit spekkforma sam- budet.

— Den neste filmen min vert ein tittel frå vår tid. Eg vil kalle han *Troem* — skrivare til dei store my- tane i samanheng med moderne liv har alltid vore uklare på meg, og endå mer kofletet dei heilage er fil- ta inn i dagleglivet. Dette nærvarer, som samfundet er indiskutabelt og drog seg utna rasjonell analyse, er det og prøver å gje form i det skrive og filmis vordt mine, og som eg ut- formar som parabel i *Troem*.

— Er *De skilje vidd for at din for- øyking som vil fegje med vil fj om- fabel til å like et matematisk utspri- ing?*

— Berre positive interesser meg omna som uttrykk, og eventyret, li- telen utrytt meg om åmte politik- etterrom kan har ei mer samfunns- tenning. Eg oppagar ein resultat som ikkje har noko å gjeve med realisme. Fordi denne resultat er det som opprøp meg med, kjemmer eg meg stadig mer dragen mot film- min han omfatter realiteten utover viljen til regimene og skodspilene.

Troem handlar om ein ukjend; vakkert, god, svært tilla dei som tak mot han, ein borgborjarlig Milano- familie. Alle kjem til å elske han, og ver fortvart, heilt forlovt av ut- så drag han bort. Og dei vert att, til- inngjort av matel med Gud.

Handlinga provoserer som venta fram sterke reaksjonar i eit katolik- land, og etter presentert med ut- trykk utro rundt uttala Pasolini i Ve- neta: — Gud er det opprørare til jorden! Kristus ville ha vore skan- daler om han hadde kome att, slik som han var det i si tid. Den skjende i filmen min — framsett av *Troem* Stamp som dominerer ved sin ven- ljet, er ikkje Jesus sett inn i ein så- lokkret, heller ikkje Eros, han er bodberaren til den addakste Gud, til Jehovak som ved ein kombert tekin og eit gjenfyllt nærver trøker dei debløge ut av deiira vilfarne tryg- glet. Det er Guden som apdliged det sryvane gode samvitt som dei be- tre, trekkande velmalding og dei bergatpne har lagn og eit trygt stål av der dei lever eller snarere veger- ter med eit fahkt bilete av det opje.

— Er ikkje dei beste bilete eit ut- trykk for fjokke egne framferdell- ting?

— Sjølvaagt! Kva for verk som helst — bok, militærlykke eller sym- bol — avklarar forfatteren. Eg vart stett det same spørsmålet etter *Oedipus Rex*, og da kjem til å stille det spørje om den neste filmen min der og vakkert opp kamballisme og den mest botastiske aktualitet som berre kan tilfredstillend ved kjennakt med sin gje. Eg kjem til å svare *Trykk* som eg gjer i dag, at det er alltid identifisering mellom forfatter og verk, å at det på ein eller annan måte er hans minne å løvne problema som på, at all han grublar over projieser og verk.

— *Kjefen er hennestaktalen gjort til eit sentral omni i Troem, i kven vordt- endomden om de i *Oedipus Rex*?*

— Som en etter *Oedipus Rex* — kva menneske kan karte av narve- strangen for allert? I dag kan og spærte kva seksualitet som ikkje ber- tet langd fremet i seg? Er ikkje mine personlege framferdelltinger dettraktet min? Skildning mellom han, hennestaktalen og hennestaktalen endrar ikkje det essensielle problem- aktualiteten steller. I *Troem* er det ei opprøp for å uttrykke ei sam- ning.

«Apropos» fyller 10 år



Biletet er teken på mållagskonferen i 8 August gt, under ei samnaksne av eldre og nye redaktørar for å markere *Apropos* sin tiårsjubileum. Samnaks-ten ut utdelt eit ein vort samde om å gjeve det til ein fast, idag i tillegg under samet Redaktørforinnings av 11. — På biletet ser ein frå venste: Arvid Siftun, stnd. psykdel, red. av *Apropos* våren 64, Geirle Helmsdal, stnd. utd. red. samnaks, stnd. Sigvart Gullum, programred. i Dagbladet, i NRK, red. 45. Einar Afdreid, stnd. phild. red. hestene 64, John-Andr Skjerve, stnd. phild, red. våren 64, Tor Guldal, stnd. red. i Dag og Tid, red. av *Apropos*, Kjell Sørhaug, red. i Dag og Tid, red. av *Apropos* høsten 62, 63 og våren 64, og Rolf Segen, lyriker og stnd. phild, red. våren 64.

Apropos feira 10-årsjubileum vinteren 1969, og på festen samla ein alle dei gamle og nye redaktørane. *Apropos* på denne tida var eit sers veldrive blad som var godt synleg i studentmiljøet. Dette er jubileumsutgåva av avisa.

hadde som si fremste oppgave «å vera til»². Styret, som talde sentrale tillitsfolk i Studentmållaget, var skeptisk til monarkiet og freista å leita fram att borehola som Olav Midttun og målstudentane skulle ha laga ved Karl Johan-statuen då dei arbeidde for republikk i 1905. Men Putlarmållaget fann ingen hol og måtte dessverre gje opp dette prosjektet. Laget stod òg i fare for å bli kløyvd i ei republikansk og ei kongevenleg grein, heitte det. Dette synt seg sidan då dei sende helsingstelegram til Slottet då dåverande kronprins Harald trulova seg med Sonja Haraldsen i august same året. Laget tykte sær godt om at det no endeleg kom norsk blod inn i kongehuset. Og laget fekk svar frå det nye kjærastparet – på bokmål. Etter dette høyrer vi lite og ingenting frå målputtlarane på vestkanten.

Nynorsk i pressa

Sentralt stod også arbeidet for å styrkja nynorsken i aviser og blad. *Apropos* kravde mykje folk og voks fram til å bli eit veldrive blad som var synleg i studentmiljøet. Avisa feira 10-årsjubileum vinteren 1969, der alle gamle og nye redaktørar var samla. Dette var så vellukka at dei vart samde om å kalla seg Redaktørforeininga av 1969. Avisa var ein god skule for komande nynorske bladfykar. Attåt det å vera medlemsavis for målstudentar, skulle ho òg stå for «ein ideologi som er anti-urban, progressiv og verdikonservativ», skriv redaktøren Jahn-Arill Skogholt i jubileumsutgåva³ I tillegg til arbeidet med medlemsavisa kom ei særskild pressenemnd med namnet Nynorsk Presseteneste i sving frå 1963, etter tildriv frå Martinus Løvik og Rolf Hanoa. Seinare vart Rolf Sagen og Halvard Lade drivkreftene bak dette arbeidet, der mange var innom og hjelpte til. Pressetenesta stod for skriving og spreining av godt nynorsk stoff til avisene, og det gjekk ei tid ut 2-3 artiklar for veka om nokså ulike emne. Årsmeldingane oppsummerer dette arbeidet som sær verdfullt og vellukka. Etter nokre magre år i 1967 og 1968 bles Studentmållaget nytt liv i dette tiltaket att vinteren 1969, men då Nynorsk Pressekontor (NPK) byrja verksemda si i 1969-70, vart det mindre behov for denne bladtenesta. Studentmållaget heldt likevel fram med å føra dei nye medieorgana både med flinke journalistar og gode idear til aktuelt stoff. Det same galdt i Kringkastingsringen og NRK, der mange vart handplukka til viktige verv og jobbar av Magne Rommetveit, som var dagleg leiar i Ringen frå 1955 til 1970. Studentmållaget leigde elles kontorlokale hjå Kringkastingsringen i Kristian Augustsgate 14 frå våren 1961 og heilt fram til 1975. Dette var ein bygard som var i Bondeungdomslaget si eige. Huset var litt av eit målreir i 1960- og 1970-åra, med kaffistova Parkstova i fyrste høgda og målkontor oppover i trappeoppgangen, og det fekk derfor også tilnamnet «Målgarden».

Det nyskipa nynorske riksorganet *Dag og Tid* levde frå hand til munn heilt frå fyrste dagen det byrja å koma ut hausten 1962, og laut stogga eit bel etter ei redaksjonskrise seinhaustes i 1966. Då avisa kom i gang att for fullt utpå vint-

ren 1967, sat det fire unge redaktørar frå presse miljøet i Studentmål laget i sjefsstolane: Kjell Snerte, Tor Gabrielsen, Sigvart Østrem og Einar Ådland. Dei to fyrstnemnde vart sidan redaktørar på meir permanent basis. Ungdomsmål rørsle gjorde i det heile mykje for å styrkja det nye vaklevorne blad tiltaket i denne kritiske fasen, mellom anna ved å selja aksjar og sankt inn nye tingar. Studentmål laget i Oslo var den leiande krafta i dette arbeidet, og bladet fekk no eit meir radikalt og friskt preg så det vart eit kjærkome pustehol i norsk presse.

Nynorske lærebøker

Avgjerande for nynorsken og målrørsle var òg arbeidet til Skuleboknemnda, som heilt sidan hundreårsskiftet med små statsløyvingar hadde skaffa til vegar ein del ordbøker og nynorske lærebøker både til gymnas, lærarskular og universitet. Men heile tida hadde det vore vanskeleg å få gjeve ut nynorskutgåver av vanlege lærebøker, og Noregs Mållag laut i 1960 gjera ei grundig gransking av lærebokstoda. Resultatet av denne undersøkinga var nedslåande, og noko radikalt måtte gjerast med dette snart om nynorsken skulle ha noka framtid som opplæringsmål. Hausten 1960 skipa Studentmål laget derfor til eit medlemsmøte om saka, der møtetittelen var «Krev lærebok situasjonen statsforlag?». Mange var positive til dette, og seinare vende Studentmål laget seg til Kyrkje- og undervisningsdepartementet med krav om at det no laut skipast eit statleg lærebokkontor og eit offentleg lærebokforlag for å bøta på dette. Ansvar for skeivskapen låg i hovudsak på Kyrkje- og undervisningsdepartementet, men heller ikkje dei store bokmålsforlaga hadde noko særleg å skryta av på dette området. Ola Bredeveien (seinare Ola Breivega) som var vikar på skrive stova i Noregs Mållag ei tid etter dette og formann i Studentmål laget hausten 1965, sa det slik i eit intervju framfor opninga av semesteret:

«Departementet har forsømt seg forferdeleg. Ein har måtta bruka press for å få gjennom soleklare rettar som ein etter vanlege demokratiske reglar skulle fått utan å leda ein finger»⁴

Lite skjedde med dette språklege mishøvet utetter på 60-talet, sjølv om uretten var skrikande. Det Norske Samlaget vart ikkje noko stort lærebokforlag før eit stykke ut i 1970-åra og kunne lite gjera med dette enno. Heller ikkje Noregs Boklag hadde sterk nok rygg til å ta på seg denne store børa. Skuleboknemnda spela derfor ei viss rolle som vaktbikkje på dette feltet fram til måljamstillinga endeleg vart lovfest for grunnskulen (1969) og den vidaregåande skulen (1974).

Noregs student- og elevmållag vert skipa

Målrørsla fekk ingen landsomfattande ungdomssamskipnad før i 1961. Det året gjekk Studentmållaget i Oslo og Noregs Mållag saman om å skipa eit eige landsomfattande lag for studentar og skuleelevar. Det skjedde i samband med landsmøtet på Vinstra sommaren 1961, då Noregs student- og elevmållag (NSEM) såg dagens lys. Alt hausten 1959 hadde Studentmållaget på halvårsmøtet sitt teke til orde for at kontakten mellom Noregs Mållag og student- og elevmållaga no burde bli betre. Det var aukande interesse for målsak og kulturspørsmål på mange gymnas kringom, og det spratt stadig opp nye lokallag. Skorten på nynorske lærebøker skapte store vanskar for mange gymnasiastar og studentar, og samstundes harma dei harde riksmålsåtaka på sidemålsstilen i gymnaset og nynorsk mål allment veldig mange. Temperaturen i språkstriden var ganske høg rundt 1960. Her trøngst det såleis både samkøyrd organisering og eit organ som kunne syta for gode foredragshaldarar og ressurspersonar til å delta på debattmøte og anna kulturverksemd på skulane.

Noregs Mållag såg positivt på utspelet frå Studentmållaget, og hausten 1960 fekk halvårsmøtet melding om at landssamskipnaden no skulle ha eit fellesmøte om korleis ein best skulle samordna arbeidet i student- og elevmållaga. Dermed var kontakten oppretta og saka kom på løs. Eirik Aksel Larsen, som var leiar i Studentmållaget vårsemesteret 1961, kalla derfor inn til eit konstituerande møte utpå vårparten for det han førebels kalla «Samordningslaget for student- og skolemållag». Retningslinene for den nye organisasjonen hadde vorte utforma av skriarstova i Noregs Mållag og Studentmållaget i fellesskap. Tanken var at det nye samordningslaget skulle vera ein organisatorisk mellomlekk mellom student- og elevmållaga og Noregs Mållag. Denne nye lekken skulle samordna målarbeidet på skular og universitet og yta hjelp og rettleiing når det skulle skipast nye lokallag. Men skulle den nye vakleorne organisasjonen NSEM makta oppgåvene sine, hadde han behov for både økonomisk og politisk hjelp og støtte i fyrstninga. Det vart klårt at Studentmållaget måtte hjelpa til med dette om den nye målsamskipnaden skulle vera liv laga, noko som ikkje berre møtte velvilje i målflokken på Universitetet i Oslo.

Studentmållaget og NSEM

I 1962 tok Studentmållaget derfor opp tilhøvet mellom seg sjølv og det nye landslaget NSEM til drøfting. Det var ikkje lett å sameina den tradisjonelle lagsverksemda med dei nye oppgåvene som fall på ein nyskipa landssamskipnad, og det var heller ingen andre studentmållag enno som kunne avlasta det eldste og største ungdomsmållaget i landet. Her kunne ein lett forskreva seg og korkje få gjort noko lokalt eller nasjonalt. Eit ordskifte om dette tok derfor til i lagsbladet *Apropos*, og på halvårsmøtet våren 1962 kom ei av eldsjelene bak NSEM og då

rådmann i Studentmållaget, Hans Olav Tungesvik, med framlegg om å gjera lagsbladet om til eit samleorgan for alle student- og elevmållaga i landet. Framlegget møtte ein del motbør og vart ikkje vedteke. På årsmøtet i NSEM same året gjekk forsamlinga inn for å få til eit tettare samarbeid med Studentmållaget om *Apropos* og gjera avisa til talerøyr for landssamskipnaden. Årsmøtet ville at avisa skulle heita *Apropos* – organ for NSEM og Studentmållaget i Oslo. Det kom sjølvstakt til ny debatt om dette i studentmållagsflokkjen, då saka vart teken opp på eit medlemsmøte same haustsemesteret. Her gjekk både Eivind Oterholm og Eirik Aksel Larsen, som begge var ihuga talsmenn for NSEM, inn for å gjera *Apropos* om til eit medlemsblad for målungdom over heile landet. Lokallaga kunne då senda inn stoff til avisa, samstundes som dei ytte økonomisk stønad, om dei ønskte det. Mot dette hevda mellom anna rådmannen haustsemesteret, Otto Hageberg, at ei slik omlegging ikkje ville gagna avisa som studentorgan.

Det var heilt tydeleg at ein måtte koma fram til eit rimeleg kompromiss som kunne hindra at den godt innarbeidde og populære studentavisa no fall mellom to stolar. Styret i Studentmållaget fekk derfor fullmakt til å greia ut denne saka nærmare, og fleirtalet der peika på at *Apropos* var betre redigert enn noko anna lagsorgan ved Universitetet, derfor var det synd å gjera noko som kanskje kunne riva ned den posisjonen avisa hadde fått i studentmiljøet. Med tida kunne redaksjonen kanskje bli tvinga til å ta inn så mykje lokalstoff frå laga i NSEM at det gjekk ut over Studentmållaget sine egne ting. Fleirtalet i styret stod på denne lina og hadde det synet at *Apropos* framleis skulle vera eit lagsblad for Studentmållaget. Botolv Helleland, som representerte mindretalet, ønskte eit meir formelt samarbeid mellom Studentmållaget og NSEM om lagsbladet.

På halvårsmøtet hausten 1962 kom Helleland, saman med Erling Læg Reid og Eirik Aksel Larsen, med framlegg om å få til eit meir formelt samarbeid om *Apropos*, der NSEM òg fekk ei hand med i styringa av bladet. Dette ville skapa



Åse Hjørnevik frå Studentmållaget sat i styret for laget i 1970 og vart seinare leiar i Noregs student- og elevmållag. Foto: Norsk Tidend

godhug for avisa utover landet, meinte dei. Studentmållaget skulle framleis vera ansvarleg utgjevar og velja redaksjon, medan NSEM fekk rett til å ha ein eigen kontaktmann. NSEM skulle også støtta *Apropos* økonomisk og få plass til eige innsendt stoff. Styra i begge laga måtte forma ut nærmare retningsliner for blad-arbeidet. Framlegget til Helleland og dei to andre vart vedteke av halvårsmøtet. Dermed var det duka for at *Apropos* heretter kunne liggja på avisborda på gymnas og lærarskular jamsides dei mørkeblå riksmålsblada *Frisprog*, *Farmand* og *Anders Langes avis* (populært kalla «Hundeavisen» av di Lange dreiv med kennel i heim-bygda si, Heggedal).

Når det galdt NSEM, så var det enno ein vaklevoren og skøyr plante som måtte ha hjelp og oppfølging frå målrørsla sentralt. I ungdomsmålrørsla var det Studentmållaget i Oslo som heile tida var basisen for NSEM, og laget måtte såleis ta hovudansvaret for det nye landslaget heilt fram til vinteren 1968. Då vart leiinga i samskipnaden flytt over til Bergen, der det etter kvart hadde vakse fram eit nokså stort og aktivt studentmållag på universitetet og lærarskulen i byen. Det var no greitt å byta litt på ansvaret for landssamskipnaden, og i Bergen var det nok av tillitsfolk som kunne ta på seg dei viktigaste verva. På landsmøtet i NSEM vinteren 1968 overtok såleis Jarle Varpe leiarklubba i NSEM etter Kjellaug Jetne, den fyrste kvinna som vart leiari i ungdomsmålrørsla. På årsmøtet i NSEM på Fagernes året etter fekk Studentmållaget i Oslo att ansvaret for landssamskipnaden og sat med styringa fram til 1972. Olaf Nøkleby (1969), Åse Hjørnevik (1970) og Ola Svein Stugu (1971) vart nye leiariar i NSEM.

Dialektar og normaltalemål

Tidleg på hausten 1959 møtte stud. philol. Jarle Simensen i styret åt Studentmål-laget og gjorde greie for planane om å skipa til eit kurs i nynorsk normaltalemål. På den tida var dette ei aktuell sak i målrørsla, spørsmålet hadde såleis òg vorte drøfta på landsmøtet i Noregs Mållag same året med professor Olav Midttun som hovudinnleiar. Også dei nynorske akademikarane, teaterfolk og tilsette i NRK og mange lektorar og lærarar brukte nynorsk normaltalemål i yrket sitt dagleg den gongen. Dette var samstundes i sjølve glanstida åt riksmålsreaksjonen då mange dialektar vart sedde ned på av byfolk. Det å nytta dialekten sin utanfor heimstaden var den gongen slett ikkje så vanleg som det er no, og mange kvidde seg for å halda på det naturlege heimemålet sitt i alle samanhengar. Presset mot dialektane var stort i mange urbane miljø og mange kjende seg kua av dette. Noko måtte gjerast for å letta på trykket og styrkja nynorsk identitet og sjølvtil-lit.

Til vanleg nytta dei som skreiv nynorsk, både i Studentmållaget og elles, dialekt munnleg når dei tala med folk. Men mange, særleg austlendingar, men òg andre, som flytte til Oslo, gjekk altfor lett over til bokmål i daglegtaleten, sjølv om

nynorsk burde vera meir naturleg for dei. Som ei motvekt mot bokmålspresset og for å styrkja nynorsken, tykte Simensen at det ville løna seg for bygdestudentane om dei lærde seg å tala normalisert nynorsk. Mange trong også å bli størare i sjølve skriftnorma, og normert nynorsk tale ville visseleg hjelpa til med det attpå. Synsmåtane hadde mange viktige støttespelarar blant leiande nynorskfolk i samtida, mellom andre Alf Hellevik, som var nynorskens fremste talsmann i Norsk språknemnd i desse åra. Også Ivar Eskeland, formann i Noregs Mållag 1960-63, gjekk varmt inn for dette.

Styret i Studentmållaget støtta synet til Simensen og sette ned ei nemnd som skulle arbeida med å få til eit slikt kurs. Seinare utdjupa Simensen synet sitt på eit medlemsmøte i laget same hausten. Tok ikkje folk med seg nynorsken både i skrift og tale, ville han snart tapa terreng, sa han. Paradoksalt nok var det no slik at mange som skreiv nynorsk til vanleg brukte bokmål som talemål. Dette skapte lett kløyvde personlegdomar og førde til språkleg forvirring. Nynorsken stod der ferdig til bruk med sine bøyingsmønster og språklege rammer, så det fall lett for ein dialektbrukar å tilpassa målet sitt innanfor dette mønsteret. Dersom målreisinga skulle lukkast, måtte målrørsla difor skapa ein tradisjon i å dyrka det nynorske normaltalemålet og bruka det aktivt. Desse standpunkta la han sidan fram i ein eigen artikkel i *Apropos*. Der streka han under at dansketida hadde kløyvd det norske folket kulturelt, og at bygd og by hadde to åtskilte kulturformer med ulike opphav. Medlemene i Studentmållaget såg ikkje på det bygdenorske som gjævare enn det bynorske, men «vi har funne ut at på botnen er vi bygdingar og ikkje byfolk, at det er ein vesentleg skilnad og at det får vi ta konsekvensen av»⁵ Det var ei kulturoppgåve for målstudentane frå bygdene å gjera det beste av det bygdenorske innanfor språk, livsstil og levemåte om til ein levande del av det komande samnorske, heldt han fram.

Halvårsmeldinga til Studentmållaget for våren 1960 oppsummerte talemålskurset som vellukka. Det hadde i alt vorte halde 9 møte med 75 faste deltakarar, men kring 100 hadde vore innom kurset. Mange av dei kom utanfrå målrørsla, så det var tydeleg at tiltaket stetta eit sentralt behov i tida. Dette vart det største einskildtiltaket Studentmållaget hadde først på 60-talet, og laget nådde ikkje lenger ut blant studentane med ei tilskipping før ECOLM-konferansen 7 år seinare. Otto Hageberg, som var leiar i Studentmållaget i det semesteret då kurset vart halde, sa ved eit seinare høve at laget oppnådde gode resultat, då mange som var i ferd med å gli over til bokmål som talemål, etterpå gjekk attende til eit dialektfarga nynorsk. I dei andre studentmållaga vart denne saka ikkje teken opp, men det vart frå tid til anna drøfta noko lausleg, mellom anna i Bergen, korleis ein burde stilla seg til dette og korleis arbeidet med å auka vørnaden for dialektane då skulle passast inn.